Norske folkeskrifter, 8

# Norske folkevisor

## I.

Med ei utgreiding um vise-dansen

av

Hulda Garborg



Oslo
Norigs ungdomslag og Student-maallaget
1903

Johansen & Nielsens prenteverk.

## Um folkevise-dansen.

Den songdansen, som hjaa oss vart til „folkevisedans“, er gamall. Dei vil setja han i samanheng med leikar som i millomalderen livde i Frankrike og Tyskland („carole“; minnesongar-„tantz“ [1]); men ein finn dans av same slage lengi fyrr, soleis i det gamle Hellas, der vismenn som Sokrates og Plato priste og sjølve dyrka denne leiken, og hjaa jødarne, som jamvel dansa og song til Guds ære. Visst er det, at denne songdansen er noko reint anna enn det folk no kallar dans, og mange trur det vilde vera godt um me kunde faa denne leiken upp att.

Han er gamall i vaare land med. Paa Island vert han nemd alt i det 11te hundradaar; og i Norig hev me att ikkje so faae av dei gamle dansekvædi (folkevisune). Det er i det heile det som er det sermerkte ved visedansen hjaa oss, at det var sogukvad, forteljande kvad, som mest vart songne til dansen; det kjenslesame eller lyriske kom helst fram gjenom fylgjestevi (umkvædi) eller liksom paa ein med-tonande understreng.

---

[1]) Ei større utgreiding um Færøy-dansen og songdansane i millomalderen kjem med det fyrste hjaa H. Aschehoug & co.

Visedansen var ein heimedans. Dei som vilde vera med — og det vilde gjerne alle som var til stades, unge og gamle, kvende og menn — knytte seg arm i arm saman i ein ring; den som førde dansen song visa, og etter den gjekk ringen i takt; men fylgjestevi song alle. Og ettersom songen gjekk fram kom alle meir og meir med, livde uppatt den sogo som visa lagde fram; dansen vart dramatisk.

Um sjølve dansen er elles aa segja, at det ikkje er dei 6 fot-stigi det gjeld mest um, — endaa det gjeld so mykje, at dei maa vera godt inn-øvde, so alt gjeng lett og stødt. Dei er som eit fylgjespel, og ein fast grunn under alt, liksom.

Men det som det gjeld um er det liv og den aand me kann leggje i dansen. Og skal me faa liv i dansen, maa kvar og ein som er med, kunna kvadi so godt, at um han ikkje syng (det skal nok helst vera berre fylgjestevi som vert songne av alle), kann han vera heilt med elles i minespel og faktir, so han gjenom dansen sin fylgjer det skiftande huglag i songen. Di meir heilt ein er med i kvadi, dei betre dansar ein. Det er songen som er det fyrste i visedansen. Folk utan tonesans dansar sjeldan godt. Dei vert ikkje tekne av songen og gjeng difor kalde og berre „trør“ dansen, utan liv og hugnad. Me maa i det heile hugse, at folkevisedansen ikkje er ein teaterdans eller noko aa

vise fram for folk; det er ein selskapsdans, der alle skal vera med; og naar dei no „viser dansen fram“, er det berre til aa gjera han kjend att.

Dessverre gjekk det her uppe som det var gjengi lenger sud: dansen vart etterkvart utskjemd. Villskap og styggedom blanda seg inn. Kyrkja lyste ufred mot visedansen, som daa etterkvart døydde burt og gløymdest.

Berre paa Færøyom heldt han seg frisk. Han vart verande det han hadde vori og skulde vera: god leik og helsesam itrott. Styrkjande og friskande vart han og for den historiske sans, daa visune so mykje tok emne fraa sogo. Serleg var denne leiken hugsam og gagnleg i den lange vintertid, daa folke sat meir innebundi. For ungdomen vart leiken samstundes skule, ei innføring i det gamle liv og ei styrkjing av kjærleiken til heim og heimefolk; like eins lærde ungdomen gjenom visesongen dei dygdir som visune serleg priste: mod og manndom, ærleg og trufast ferd, riddarhug og sjølvofring i kjærleik og venskap alt inn i dauden; men vanære og skam lagde seg yvi den rædde, den uærlege og svikaren. Jamt friska og desse dansevisune folkehugen ved skjemt og djerv spott; ja folkedansen vart stundom folkedomstol. Naar ein mann hadde gjort noko gale, tok tvo handfaste karar han millom seg i dansen, og han laut høyre paa spottekvad og nidvers som

vart songne um uferdi hans; og det kunde visst vera streng straff. Men svara fekk han so godt han kunde. Og naar dei tykte han kunde ha fengi nok, var saki dermed avgjord.

Enn liver folkevisedansen paa Færøyom. Den gamle og rette finn ein, berre ein kjem noko burt ifraa by eller hamn.

Og hev ein set kva slik ein leik kann vera for eit folk, so vaknar det eit spursmaal: skulde ikkje me og snart vera so langt komne no, at me kunde halde den gode viseleiken uppe?

Mange hev alt teki til aa arbeide her. Og det ser ut til at det kann gaa godt. Det vil ikkje vera gjort paa ein dag aa faa upp att noko som hev „sovi so lengi". Men ein god folkeleik vil vera mykje arbeid verd.

---

Folkevisune miste mykje av den upphavelege takt og rytme daa det vart slutt med songdansen. Sume visur hev daa haldi seg soleis at dei ikkje treng nokor sers tilmaating. Dei er her tekne etter Landstad, med rettingar av Moltke Moe. Endaa alle versi er med, er dei stutte mot dansevisune paa Færøyom. Der hev dei visur paa 2—300 vers. So skulde det vera uvandt for *kvar ungdom* aa lære visune *vaare.*

*Dvergemøy I* (av „Sjurðakvæði") er teki med til ei prøve. Dette kvade segjer fraa um

den fyrste ferdi Sigurd Faavnesbane gjorde til dvergelande, striden hans med dvergane og det fyrste møte med dvergemøyi. Av dei femtan lange kvadi um Sigurd, som enno vert bruka til aa danse etter paa Færøyom, er dei fem „dvergemøy“-kvad.

*Ormen dan lange* er umsett til Hordalandsmaal, og var fyrst prenta i „Fedraheimen“ i 1885.

*Kraakevisa* er skrivi heilt paa Sundhordlandsmaal, soleis som dei syng henne paa Stord.

„Aka paa isen haale“ høver so vel til „bandadansen“; difor hev desse stevi fengi rom attaat folkevisune. Til leiken kann ein bruke nye songar og, berre dei hev rette takti.


Tonar til nr. 5, 6, 7 og 8 finn ein i Thorvald Lammers: Norske folkeviser I og II (H. Aschehoug & co.s forlag, pris 50 øyre kvart).


Skrivemaaten er uvand. Einast nokre sermerkte tele-formir kann trenge tyding, soleis: *dynni*, døri; *fe*, for; *hor, hori*, kvar (kor); *ivi*, yver; *kvor*, kvar (kver); *lisle*, litle; *nokle*, nokre; *saa*, so; *sille*, skulde; *sjav*, sjølv; *skaa*, skal; *d* er ofte skrivin der han ikkje skal høyrast: ri(d)and' i gaar(d). I songen kann ein fylgje sitt eige bygdemaal, um det fell laglegare.


---


# Innhald.

## 1. Gudmund og Signeliti.




2. Og stolte herr Gudmund tok gyllene skrin,
— fager feller sol og blomar alle —
og der uti la han mangt raudbloma lin,
— fe den som saa vel kunde leika!

3. Og stolte herr Gudmund kom ridand' i gaard;
ute stod gullsmeden, slo ut sitt haar.

4. Herr Gudmund han tala til gullsmeden saa:
„Eg vønst Signeliti, di dotter, aa faa?“

5. „Mi dotter, stolt Gudmund, du aldri kann faa,
fyrr skaa paa havsens botten rotne hennar haar.

6. Signeliti hev eg lova til ein riddar saa bold,
og han skaa bera baade harnisk og skjold.“

7. Stolt Gudmund han sette sin traavar i gaang,
saa sette han av stad med si horpe i haand.

8. Signeliti ha' paa seg den silkestakken raud,
og gull laag der etter kvor einaste saum.

9. Signeliti ho gjekk fe sin faer aa staa:
„Aa maa eg kje stolt Gudmund til festarmann faa?“

10. „Stolt Gudmund til festarmann du aldri kann faa,
fyrr skaa paa havsens botten rotne ditt haar.“

11. Stolt Gudmund han veider baad' rev og maard,
Signeliti i jomfrubur feller saa mang ei taar.

12. Og Gudmund han kom seg der ridand' i gaard,
ser han Signeliti paa høganloft aa staa.

13. „Græter du sa'el, hell græter du hest,
hell græter du fe du hev ungersvein fest?“

14. „Inkje græter eg sa'el, hell græter eg hest,
inkje græter eg fe eg hev ungersvein fest.

15. Eg græt aller mest fe mitt lange gule haar,
at det skaa kje faa rotne i kyrkjegaard.

16. Eg græt aller mest fe min kvite kropp,
at den skaa rotne paa havsens bott!“

17. „Saa lengi eg mi gullhorpe heve i hand,
saa skaa inkje nykken deg taka i fang.

18. Eg skaa byggje deg ei bru saa høgt imot sky,
brui av staal og stolpann’ av bly.“

19. „Du maa byggje den bru saa høgt imot sky,
saa kann vel ingen fraa ulykka fly.“

20. Og Gudmund han reid ivi sterke staalbru,
daa snaava hans gangar i raude gullsko.

21. Og Gudmund han stirer attpaa sin bak,
burte var Signeliti i sâlen sat.

22. Stolt Gudmund han talar til liten smaasvein:
„Du hentar meg gullhorpa, ver inkje sein!“


23. Og Gudmund han spela framtil med aa,
han spela Signeliti or bylgjune blaa.


24. Og Gudmund han spela saa alle strengir brast,
saa hadde han Signeliti i armen sin saa fast.


25. Signeliti ho heldt i sin festarmanns hand:
— fager feller sol og blomar alle —
„Sæl er den sveinen or bylgjom meg vann!“
— fe den som saa vel kunde leika.

## 2. Knut liten og Sylvelin.




2. Dei tala saa mykje, dei tala saa mangt,
— Iseliljan!
og sumt var no gaman og sumt var no sant.
Saa saare syrgjer Sylvelin
fe lisle Knut i løyndom.

3. Knut liten han sâlar sin gangare graa,
saa rider han seg til Sylvelins gaard.

4. Han klappa paa dynni med fingrane smaa:
„Aa statt no upp, Sylvelin, skreid loko ifraa.“

5. „Aa ingen saa hev eg til stevnar lagt,
og ingen saa lète eg inn um naatt.“

6. Han klappa paa dynni med handskar paa hand:
„Kjenner du kje Knut liten, din festarmann?“

7. Aa Sylvelin ha' paa seg stakken blaa,
ho skreidde dei lokunn' baad' til og ifraa.

8. „Aa atta fe dynni der stend ein gullstol,
der skaa du, Knut liten, setja sylvspente sko."

9. „Aa atta fe dynni der er ein gullknapp,
der skaa du, Knut liten, hengje hanskar og hatt."

10. Aa skam faa den terna, ho var saa utro,
ho stal burt Knut litens sylvspente sko.

11. Saa akslar ho seg sitt hovud-skinn,
saa gjenge ho seg fe kongen inn.

12. „Her site du konge, drikke mjød og vin,
med' Knut liten søve hjaa dotteri di."

13. „Gakk burt, du terne, og snakk inkje saa,
her er vel saa mange du lyg æra ifraa."

14. „Aa kjære min konge, vil du meg kje tru,
her hev eg Knut litens dei sylvspente sko."

15, Aa kongen lét rope ivi heile sin gaard:
„Klæd dikkon, mine hommenn[1], i brynjune blaa!

16. Aa kjære mine gutar, klæd dikkon inkje falsk!
Eg kjenner Knut liten, det er ein vaagehals."

17. Dei banka paa dynni med glaven og spjut.
„Er du inne, Knut liten, du kjeme vel ut!"

18. Knut liten han ut gjønom vindauga saag,
han kund' kje sjaa skogen fe brynjune blaa.

19. „Aa er de no saa mange, saa er de vel kje rædd,
saa kann de vel bie til ein nakin mann er klædd!"

---

[1]) hovmenn, sveinar.

20. Knut liten ut gjønom dynnane sprong,
han rudde den vegen som fyrr var saa trong.

21. Knut liten han hoggje til han gjordest mo,
til blode det stod ivi sylvspente sko.

22. Knut liten han hoggje til han vart trøytt,
han kund' kje sjaa soli fe mannerøyk.

23. Knut liten stige paa gangaren graa:
„Eg vil ride til kongen, og vera hans maag.“

24. Som daa Knut liten kom ridand' i gaard,
kongen sjav ute fyri honom staar.

25. „Høyre du, Knut liten, hot eg spyre deg:
hor er dei hommenn eg sende til deg?“

26. „Sume ligge sjuke og sume ligge saar,
og sume dei ligge paa likebaar.“

27. Knut liten rister paa blodute kniv:
„Ha' du kje vori kongen, det ha' goldi ditt liv.“

28. „Knut liten, Knut liten, du stiller din kniv!
Eg gjeve deg Sylvelin, det vene viv.“

29. Knut liten rister paa blodute sverd:
„Ha' du kje vori konge, du ha' vori det verd.“

30. „Knut liten, Knut liten, du stiller ditt sverd!
Eg gjeve deg Sylvelin, du er det fulla verd.“

31. Og det fekk Knut liten fe han var kje rædd,
Iseliljan!
og difor han kom uti kongeleg ætt.
Saa saare syrgjer Sylvelin
fe lisle Knut i løyndom.

---

## 3. Liti Kjersti.












2. Bergekongen kom seg ridandes i gaard,
bronfolen løyper lett,
Paal gullsmed ute fe honom staar,
med det regner og det blæs. —
Fe nordan under fjello
djupt under hello
der leikar det.

3. „Velkomen, bergekongen, heim til min[1]),
no hev eg bryggja og blanda vin.“

4. „Eg er kje um anten brygg hell bland,
eg er meir um liti Kjersti, det liljevand.“

---

[1]) min: meg.

5. „Liti Kjersti ho er berre baane endaa,
ho kann inkje vera si moer ifraa.“

6. „Liti Kjersti maa vera saa liti ho vil,
mi gamle moer ber nykle-knippe mitt.“

7. „Liti Kjersti ho er saa liti og ung,
ho kann inkje bera brurkrona saa tung.“

8. „Maa eg kje liti Kjersti med godom faa,
saa skaa eg lata eld gjønom gullsmedgarden gaa.“

9. „Fyrr elden skaa gjønom min garden gaa,
saa lyt du liti Kjersti med godom faa.

10. Gakk no deg i stogo inn,
med' eg gjeng upp i lofte til dotteri min.“

11. Paal gullsmed han reiste at bure,
han vekkjer upp Kjersti prude.

12. Han banka paa dynni med knokune smaa:
„Statt upp, liti Kjersti, og klæd deg paa!

13. Statt upp, liti Kjersti, og klæd deg braatt,
du skaa inn og svara bêlen din i naatt.“

14. Liti Kjersti ha' paa seg ein silkeserk,
nie var møyarnes handeverk.

15. Liti Kjersti ha' paa seg stakken blaa,
der var meire gull enn der var traad.

16. Liti Kjersti ha' paa seg stakken raud,
stikka var gull etter kvor den saum.

17. Liti Kjersti ha' paa seg silkesokkar smaa,
sylvspente skor ha' ho der utapaa.

18. Liti Kjersti ho var inkje beltevand,
ho slengjer ikring seg det raude gullband.

19. Liti Kjersti ho gjenge at bekkje,
sitt brongule haare ho rekkjer.

20. Ho vaska sitt haare i rennandes vann,
ho kjemmer etter med sylvarkam.

21. Liti Kjersti ho seg ifraa bekken gaar,
den høge gullkrona den sette ho paa.

22. Liti Kjersti ho seg inn um dynni steig,
bergekongen visste kje anna hell soli skein.

23. Bergekongen klappa paa hyendi blaa:
„Kom her, liti Kjersti, og set deg paa!“

24. „Eg er inkje trøytt, eg er inkje mo,
vil eg kvile, saa kviler eg hjaa mor.

25. Eg vil inkje sitja, eg vil inkje staa,
seg meg ditt ærend, saa vil eg gaa.“

26, „Aa kjære mi dotter, du tala kje saa,
dette er no den herren som du skaa faa.“

27. „Her er no saa mang ein kristen mann,
du tar no kje gjeva meg eit troll uti hand.

28. Her er no saa mang ein kristen svein,
du tar kje gjeva meg trolle saa leid.“

29. „Og maa eg deg inkje med godom faa,
saa skaa elden gjønom din faers garden gaa.“

30. „Fyrr elden skaa gjønom min faers garden gaa,
fyrr lyt du daa meg med godom faa.“

31. Bergekongen ha’ seg ein gangare spak,
han sette liti Kjersti paa hans bak.

32. Daa dei reid seg ivi høgelofts bru,
liti Kjersti ho gret, og bergekongen log.

33. Bergekongen reid berge tri gongur ikring,
og berge det opnast saa dei kom der inn.

34. Dei sette liti Kjersti paa sylvarstol,
dei gav henne drikke av ei sylvarskaal.

35. Den fyste drykken liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo[1]) ho endaa gat.

36. „Hori er du fødd, og hori er du borin?
og hori er dine jomfruklæde skorn'?"

37. „I Norig er eg fødd, og der er eg borin,
og der er mine jomfruklæde skorn'."

38. Den are drykken liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo ho endaa gat.

39. Dei gav henne drikke av det raude gullhonn,
dei slepte der nedi tri villarkonn.

40. Den trie drykken liti Kjersti ho drakk,
dei kristne londo ho aller meir gat.

41. „Hori er du fødd, og hori er du borin?
og hori er dine jomfruklæde skorn'?"

42. „I berge er eg fødd, og der er eg borin,
og der er mine jomfruklæde skorn'.


43. I berge vil eg liva, og der vil eg døy,
— bronfolen løyper lett —
og der er eg kongens festarmøy."
Hu! det regner og det blæs!
Fe nordan under fjello
djupt under hello
der leikar det.

---

1) landi.


## 4. Reven og bjønnen.














2. Aa kjære Steffa-maure[1]), du biar meg ei tid,
til eg kann faa skifte ut sælegaava mi.

3. Aa futen saa gjeve eg no mi hud;
han plagar saa gjønne aa fôre si lu'.

---

[1]) Steffa-maure skal vera namne paa eit visst slag bjønn. Bjønnen tek paa reven i holo hans, og reven brukar daa skalkeraadir so han kann faa ein frest. Men Kranselin er sein i vendingi; reven miste halen, og kui laut bøte med live, av di ho var so god-lokki.

4. Aa skrivaren gjeve eg no mi klo;
han skrive saa gjønne eit tjug fe tvo.

5. Aa presten gjeve eg no mi tunge,
fe han maa saa jamleg fe aalmugen sjunge.

6. Skyss-skaffaren gjeve eg no min fot,
her lider uti nipp! sagde reven,
han springe saa mang ein bakke imot.
Fe bonden slengjer vipp uti tirum tapp.
Kranselin kom inkje fyrr rova slapp.
Steffa-maure med sin rosens kinn,
og han vann siger paa Kranselin.

---

## 5. Dalebu Jonsson.

1. Aa Dalebu ha' seg ei festarmøy bold;
den heve han teki med jønn og med staal.
Kjenner du Dalebu Jonsson?

2. Aa fyrr det vart dagen, og dagen vart ljos,
kom der sjau tusund kjempur til Dalebus hus.

3. Aa Dalebu ut gjønom vindauga saag,
han kunde kje sjaa soli fe glaven saa blaa.

4. Men Dalebus kjærast, ho var inkje falsk,
ho snørde staalbrynjo um Dalebuggens hals.

5. Men Dalebus kjærast, ho var inkje sein,
ho spente staalsko um Dalebuggens bein.

6. Aa Dalebu ut gjønom vindauga sprong,
daa gjorde han romt der som fyrr var trongt.

7. Aa Dalebu hoggje og slett inkje log,
til han stod i blod ivi sylvspente sko.

8. Dalebu hoggje og i hugen var vre',
til han stod i blod ivi staalklædde kne.

9. Aa Dalebu sâlar sin gangare graa,
saa rider han seg til kongens gaard.

10. „Hor vart det av dei hommenn eg sende med
Jon? —"
„Aa, dei ligg no heime uti mitt ton!

11. Aa nokle er slagta og lagt utpaa fat;
eg tenkte um kongen trong til ferske mat!"

12. Aa Dalebu riste paa sylvboga kniv:
„Var du inkje min verfâr, sill[1]) det koste ditt liv."

13. „Aa kjære Dalebuggen, du stiller din kniv,
du ægtar liti Kjersti, det vene viv.

14. Aa kjære Dalebuggen, du stiller ditt sverd,
du ægtar liti Kjersti, du er hennar verd!"

15. Aa der vart stor glede ivi all den gaard:
Dalebuggen og ho Kjersti hadde bryllaup igjaar.
No kjenner du Dalebu Jonsson.

---

1) skulde.

## 6. Falkvor Lommansson.

1. Det var Torstein Davidsson,
han vilde til bryllaup bjoe;
og det var Falkvor Lommansson,
han lét sine hestar ringskoe.
Riddaren, vaagar han live fe ei jomfru.

2. Det var aarle um morgo'en,
soli ho ryr[1]) i dalar,
upp stend Falkvor Lommansson,
legge paa forgylte sâlar.

3. Ut kjem hans sæle moer,
taarir renne paa kinn:
„Hori agtast du av i dag,
du Falkvor, kjær sonen min?"

4. „Eg vil prøve mine hommenn,
eg vil prøve min hest;
eg vil taka att vive mitt,
som Torstein Davidsson hev fest."

5. Det var Falkvor Lommansson,
han seg av garde reid:
der grodde kje grase paa femtan aar
der hans graa gangare steig.

6. Det var Falkvor Lommansson,
han kom seg ridand i gaard;
inn saa springe den lisle smaadreng,
segjer han tidend ifraa.

---

[1]) ryr: gjer det raudt.

7. Inn saa springe den liten smaadreng,
segjer han tidend ifraa:
„Her stend fullt tone av herklædde menn,
og alle som duvune graa!“

8. Og det var fruga Vendelin,
ho saag seg att ivi herd,
daa saag ho Falkvor Lommansson
med herske store ferd.

9. Det var fruga Vendelin,
ho oto vindauga saag:
„Det er Falkvor Lommansson,
han hev meg lengstom traatt.

10. De take av meg mitt hovudgull,
og setje meg med nedre bordsende!
Kjem han inn, Falkvor Lommansson,
han maa meg inkje kjenne.

11. De take av meg mitt hovudgull,
og setje paa meg silkeluve;
kjem han inn, Falkvor Lommansson,
han helsar meg fe ei fruge.“

12. Inn kom Falkvor Lommansson
med høgan hatt i hende;
helsar han fruga Vendelin:
„Saa vel som eg deg mone kjenne!

13. Høyrer du, fruga Vendelin,
du tar deg inkje løyne:
ute stend hesten apalgraa,
i dag skaa du ’en røyne!“

14. Og det var fruga Vendelin,
ho slo sin neva mot bord:
„Var han heime, Torstein Davidsson,
du lyste inkje slike ord!“

15. Det var Falkvor Lommansson,
han gjordest i haando sterk,
saa tok han fruga Vendelin
og sette paa høgan hest.

16. Og det var den lisle smaasvein,
han gjorde baad' reid og rann,
saa reid han dei femtan vælske milir
til han Torstein Davidsson fann:

17. „Her site du, Torstein Davidsson,
drikke mjød og vin;
Falkvor Lommansson er heime
og rid av med bruri di!“

18. Det var Torstein Davidsson,
han vart so ille ved ord;
brone mjøden, i skaali var,
den slepte han ned paa bord.

19. Upp stod Torstein Davidsson,
han ropar ivi all den gaard:
„De stande upp, mine gode hommenn,
klæd dikkon i brynjune blaa!“

20. Det var seint um sundags eftan,
daa kveste dei sine spjut;
det var aarle um maandags morgo'n,
daa reid dei herkjempur ut.

21. Det var Falkvor Lommansson,
han saag seg att ivi herd:
„Etter kjem Torstein Davidsson,
Vaarherre ver i mi ferd!“

22. Dei møttest utpaa Démannheidi
uti saa tjukk ein gnyr;
branden [1]) beit og brynjo sleit
og røyken stod upp i sky.

23. Dei møttest ut paa Demannheidi
uti saa tjukk ein moe,
soli gat kje paa nuto skine
fe røyken av manneblode.

24. Dei stridde der i dagar
og vel i dagane tvaa:
att'e stod Torstein Davidsson,
alt folke det fall ifraa.

25. Heim til reid Torstein Davidsson
med trøytte menner og saare;
Falkvor spelar [2]) fe bergjo nord
alt med sin rosens blome.

26. Heim til reid Torstein Davidsson
med brotne sâlar og tome;
Falkvor spelar fe bergjo nord
alt med sin rosens blome.

27. Det var Torstein Davidsson,
han syrgjer no inkje saa saart:
„Her er saa mange stolte jomfrugur
som stjønnune fylgjer naatt!“ —
Riddaren, vaagar han live fe ei jomfru. —

---

1) branden: sverde.
2) leikar.

## 7. Haugebonden.

1. Det var den heilage joleftans kveld,
der bonden vilde burt finne limar,
og daa han kom seg i rosens lund,
daa høyrde han hor haugebonden rimar:
Snillan du!
det lydest ut paa Bonor[1])
hor haugebonden dansar og rimar.

2. Det var den heilage joleftans kveld,
der bonden vilde burt finne kransar;
og daa han kom seg i rosens lund,
daa høyrde han hor haugebonden dansar.

Haugebonden kvad:

3. „Aa høyre du det, du gode bonden sjav,
kvi tuktar du kje drengine dine?
D' er aldri saa heilag ein joleftans kveld,
dei stukar uti halline mine.

4. D' er aldri saa heilag ein joleftans kveld,
dei slengjer etter meg med skaali;
og ha' det kje vori fe gode bonden sjav,
dei ha' silt mist høyrsla og maale.

5. Dei gaave meg saa vond ein støyt
utav den store ølkrusi;
og ha' det kje vori fe gode bonden sjav,
du ha' vel silt høyrt roml i husi.

6. Dei gaave meg saa vond ein styng
utav dei kvasse spjoti;
ha' det kje vori fe gode bonden sjav,
eg ha' vel silt horvt[2]) uti mote.

---

[1]) Bonor: garden til bonden.
[2]) horvt: vendt meg (til motstand).

7. Dei gaave meg saa vond ein styng
utav dei sylvar-knive;
ha' det kje vori fe gode bonden sjav,
dei ha' vel silt mist deira live."

Bonden svarar:

8. „Aa du heve vori utpaa mine skip,
og det uti aarine aatte;
og ingjo skipsleige hev eg fengi av deg,
og enno gjeng baaten paa botte.[1])

9. Aa du heve vori utpaa mine skip,
og det uti aarine nie,
ingjo skipsleige hev eg fengi av deg,
og enno gjeng det Bonor forbi."

Haugebonden svarar:

10. „No hev eg vori alle desse aar
ut paa dine grunnar saa lengi,
ingjo skipsleige saa heve du kravt,
og ingjo saa heve du fengi.

11. Men gakk no deg at bakari stamn,
der henge ei forgyllade brose[2]),
der stende uti dei kistillann ni,
og nyklane heng uti laaso.

12. Og deruti stende ei sylvarkogs,
ho stende paa fjorum gullfoto[3]),
det er inkje fulle femtan aar
ho hev gjengi i nie manne-boto.[4])

13. Og deruti stende eit lite gullstaup,
hev gjengi i nie manne-boto;
og femtan hommenn kann drikke godt rus,
og sjave bonden deruti fljote.

---

[1]) enno er baaten i fart.
[2]) brose: gylt bringesylgje.
[3]) fire gullføtar.
[4]) med den hev dei lagt mannebot ni gongir.

14. Og deruti ligge den kufta blaa,
er sauma med sylve kvite,
og den sauma Ingelill, dotter mi,
den tid ho heime sat pike.

15. Og deruti ligge den kaapa raud,
er sauma med gulle det reine;
og den kom aldri paa Maalfrids bak,
berre joledagen den eine.

16. Og deruti ligge ein silkeserk,
er stikka i liljur og kransar,
og den kom aldri paa Maalfrids bak,
berre joledagen ho dansar.

17. Og deruti ligge ein silkeduk,
er voven i raude gullstrimar,
og den kom aldri paa haugebondens bord,
berre i joli, han dansar og rimar.

18. Og eg skaa gjeva deg ein liten myllardam,
der gjenge dei femtan par kvennir,
stolpane dei er utor kvite kvalsbein
og sloki av hardaste jønne.

19. Nils saa heiter maagen min,
han bur heran upp under lide,
og sjav saa heiter eg gode Gullstein,
derav gjeng segninn saa vide.

20. Lunden heiter garden min,
han ligg heran sud under lide,
og sjav saa heiter eg gode Gullstein,
og kona mi heiter Maalfride.“
Snillan du!
Det lydest ut paa Bonor
hor haugebonden dansar og rimar.

## 8. Storebror og Lislebror.

1. Storebror han tala til Lislebror sin:
„Eg veit meg ei jomfru, saa fager og fin!“
Du er den, du er den
eg hev tinga i min ungdom.

2. Men daa dei kom seg paa høge Vallands[1]) heid,
Storebror han snudde sin gangar og reid heim.

3. Og det var stor vanære og endaa større skam
aa ride ut paa vegen og inkje tørja fram.

4. Lislebror han reid seg til høge Vallands port,
og utafyri porten tri blanke spjut der stod.

5. Gjerde det var gjort av kvasse kjempesverd;
eit mannehovud stod det paa odden utav kver.

6. Porten den var sett med stengar og med spjut;
paa kvor stake hekk der ei mannehud.

7. Lislebror han reid seg til høge Vallands gaard,
og der var fleire kjempur hell Lislebror ha' haar.

8. Og jomfruga oto vindauga saag:
„Hot er det fe ein galin gut, som helde i vaar
gaard?“

9. „Eg er no ingin galin gut, um du no segjer saa;
eg er din kjære festarmann, som du maa bie paa!“

10. Og jomfruga ho lettar paa skarlaken raud:
„Hor er no dei kjempur min faer gjeve braud?“

---

1) Valland: Frankrike.

11. Knaft dette orde av jomfruga var talt,
fyrr fire hundrad kjempur kring Lislebror sat.

12. Men Lislebror han kasta sin hanske mot jord:
„I meg skaa de finne ein trugin stallbror!“

13. Lislebror han kasta sin hanske paa mark:
„I meg skaa de finne ein gute som er sterk!“

14. Og Lislebror han snudde sin gangare umkring,
og fire hundrad kjempur han slo uti ein ring.

15. Og Lislebror gjekk seg i drykkjestogo inn,
og der var alle kjempur alt som forvilla svin.

16. Og Lislebror hadde seg ein gangare spak;
han tok den skjøn jomfru og sette paa hans bak.

17. Saa rider han seg tolv milir uti skog,
jomfruga ho gret, men Lislebror han log.

18. Men som at dei kom seg i grøne rosens lund,
der lyster Lislebror aa kvile seg ei stund.

19. „Aa høyre du Lislebror, du søv no kje saa hardt!
Eg tikje at eg høyrer min faers hestefart.

20. Eg høyrer min faers forgyllande lur;
den hev kje vori blaasin sidan moer var brur.“

21. „Og tikje du, du høyrer din faers hestefart,
og um me kjem i dusten, du nemne kje mitt
namn!“

22. Den fyrste dusten som dei tilsaman reid,
jomfrugas eldste broer fall daud til jordi ned.

23. Den andre dusten som dei tilsaman drog,
jomfrugas yngste bror han datt daud til jord.

24. „Aa høyre du Lislebror, du stiller no ditt sverd!
Min kjære yngste broer var kje den dauden verd.“

25. „Din kjære yngste broer eg inkje agtar fe eit haar,
og din graa gamle faer skal same dauden faa.“

26. Lislebror rider til Storebrors gaard;
der stod hans moer ute med utslegi haar.

27. „Aa høyre du Lislebror, hot eg vil spyrja deg:
hor heve du fengi det fagre unge viv?“

28. „Det heve eg teki alt uti kongens gaard,
med sterkare magt, med jønn og med staal.

29. Aa høyre du Storebror, du hentar meg ein prest!
og du mi kjære moer, du skaa vera meg næst.

30. Og du mi eldste syster, du reider meg ei seng,
og du mi yngste syster, du legge meg i den!“


31. Aa det var eldste systeri, ho reidde upp hans seng;
men ho la deri gift, for at ho var honom slem.

32. Den andre dags morgon, fyrr dagen den var ljos,
daa laag der tri lik uti Storebrors hus.

33. Den eine det var Lislebror, den andre var hans møy,
og saa hans gamle moer, av sorgi var daud.
Du er den, du er den
eg hev tinga i min ungdom.


---

## 9. Per spelmann.






















2. Per spelmann han spela og fela ho lét
saa gutane dansa og gjentune gret.
„Du gamle gode fiolin,
du fiolin, du fela mi!“


3. „Og um eg vert gamall som stein under bru,
saa aldri eg byter burt fela i ku.
Du gamle gode fiolin,
du fiolin, du fela mi.“

## 10. Kraakevisa.

Fraa Sunnhordland.




2. Ma'n han tenkte med sjøle seg:
hei fa-ra, med sjøle seg:
aa tru no den kraako vil drepa meg?
— hei fa-ra —
faltu riltu raltu ra!

3. Aa ma'n han snudde om hesten sin,
so kjøre han heimatt te garen igjen.

4. „Aa haur du min man, ka eg spøre deg:
kor vart da ov ved'n du kjøre te meg?"

5. „Eg kjøre no ingjen ve te deg,
for kraako hu svor hu sku drepa meg."

6. „Aa no har eg alder haurt storre skabm!
har du haurt at ei kraaka har drepe ein man?"

7. Men kraako kom itte paa takje aa gol,
aa ma'n han opp gjøno ljoren fór.

8. Aa ma'n han spente sin boge for kne,
so skaut han den kraako, so hu datt ne.

9. So sette han fore dei folane ti;
men kraako hu sprengde adle dei.

10. So sette han fore dei folane tolv,
daa kjøre han kraako paa laavagolv.

11. So flo han den kraako aa léma 'ne sond,
hu vog inpaa sekstaan aa tjue pond.

12. Ov skjidne so gjore han tolv par sko,
da besta pare forært 'an te mor.

13. Aa kjøte da salt 'an i tødne aa fat,
aa tungo den hadd 'an te julamat.

14. Ov tarmane gjore han tolv par reip,
aa kløne dei brukt 'an te møkegreip.

15. Aa nebben den brukt 'an te kjorkjebaat
so folk konde sigla paa te aa fraa.

16. Aa mó'n den brukt 'an te mala kodn,
aa øyro dei gjor 'an te tutarehodn.

17. Ov augo so gjore han stoveglas,
aa nakkjen den sett 'an paa kjorkjo te stas.


18. Aa den so kje kraako kan nøtta saa
— hei fa-ra, kan nøtta saa,
han vør'e kje ver'e ei kraaka aa faa
— hei fa-ra —
faltu riltu raltu ra.

---

Haur: høyr. — Hu: ho. — Itte: etter. — Adle: alle. — Ov: av. — Tødne: tunnor. — Kjorkjebaat: kyrkjebaat. — Paa te aa fraa: baade til og fraa. — Mó'n: munnen.

## 11. Aka paa isen haale.

*Stev av Ivar Aasen.*
















2. Ganga og gjera seg fager
og fara so fint og smaatt,
løyna sitt rette lynde,
til maalet fyrst er naatt,
gjeva deg gode voner
og svika deg sidan braatt:
det hev eg høyrt so ymse
skal vera kvende-haatt.

3. Ganga og gjera seg smeikjen
og fria tidt og traatt,
freista dei arme vækjor
til baade stort og smaatt,
lata deim sidan fara
og ha deim til glis og laatt:
det hev eg høyrt so ymse
skal vera karmanns-haatt.

4. Ganga so byrg og kræsa
og skifta sin hug kvar dag,
kappast um største stasen
og kaupa av alle slag,
lata ein annan syta
for enden paa slikt eit jag:
det hev eg høyrt so ymse
skal vera kvende-lag.


5. Ganga so bratt og skrøyta
og laast vera hæv og hag,
sitja i drikkarstemna
og sumla natt og dag,
koma so heim og dundra
og truga med hogg og slag:
det hev eg høyrt so ymse
skal vera karmanns-lag.

6. Endaa lyt eg no segja:
der er so ymse slag.
Raakar ein paa det gode,
so ser ein eit anna drag;
møter det gode hjarta
eit hjarta med same lag:
ja, daa er der ljose voner
som sol paa ein sumardag.

7. Ja, naar det rette møtast,
so fær det sitt rette lag.
Trutt paa vegen dei fylgjast
alt utan kiv og klag.
Ungdom og venleik vika,
men hjarta slær friske slag;
kjærleiken held sin varme
og varer til siste dag.


---


## 12. Aa Torstein tala til staven sin.











2. Aa Torstein steig, og isen seig
for Torstein;
alt hans mjøl det vart til deig
for Torstein.
„Aa heve du tobak, Torstein?"

---

## 13. Ormen dan lange.

(Fyrste luten).


Fraa færøysk ved *Per Sivle.*











2. Kongjen læt seg ei snekkja byggja
burt paa dan slette sand;
Ormen dan lange, da støsta skjepe
dar bygdest i Norigs land.
Dansen glyme i halli.
So dansa me daa i ring!
— Glae ria Norigs menn
te Hilda-ting.[1])

---

[1]) til striden.

3. Skjepe da bygdest i Norigs land
ut-aa dei beste ebno;[1])
sjauti alne aa fira te
va kjølen imydlo stebno.[2])

4. Forgylte so vaare[3]) dei stabnane baae,
aa bori dei vaare blaa,
forgylte skjolden i toppen blenkte,
— so segje daa soga ifraa.

5. Kongjen uti høgsæte sete,
tala te sine drengje:
„No skulja me sigla dan salte sjo,
da heve eg tenkt meg so lengje.

6. Bere no daa dei herklæi fram,
dei brynje aa blanke svèri.
So leggja me sian fraa lande ut,
so gjeva me oss paa fèri.“

7. Motige mælte dei sveinane daa:
„Herre, me skulja deg fylgja,
anten du fere i stri elde' fre!
Me ottast kje svarta bylgja!“

8. Fraa bergje ein gut, me' bògjen i hand,
steig ne, so rauste aa sjaa:
„Jarlen utaa Ringerikje
so ska eg helsa ifraa.“

---

[1]) ebne: emne; dativ, fleirtal ebno: emni.
[2]) stabn: stamn; bundi fleirtalsform stabnane, dativ stebno: stamnane.
[3]) Fleirtalsform i fortid av vera.

9. Kongjen daa te ora tok
— fagna i augo skjein —:
„Aa no ska du segja meg nabne[1]) ditt,
du unge, fræge svein!“

10. „Einar so ska du nebna meg;
væl kann eg bògjen spenna,
aa Tamb so heite min glupe bògje,
— han fær vel pilen te renna!“

11. „Høyr du da, du unge mann,
ve[2]) du me' meg fara,
so ska du vera min pila-svein,
Ormen te aa forsvara.“

12. Ganga dei so te strondene ne,
spræke kara aa rauste.
— Lunnanne bròste[3]) og jødni skolv,
daa skjepe dei droge or nauste.

13. Vunde[4]) dei upp sine silkjesegl,
vinden aa taka i fangje.
— Aa so æ da sagt, at kongjen sjøl
han styrde „Ormen dan lange“.
Dansen glyme i halli.
So dansa me daa i ring!
— Glae ria Norigs menn
te Hilda-ting.


---

1) nabne: namne.
2) vil.
3) brast.
4) vatt.

## 14. Dvergemøy I.


(Or Sjurðakvæði).


Fraa færøysk ved *Hulda Garborg.*












---

[1]) Grane: hesten til Sigurd Faavnesbane.

2. Ørnen er so snøgt eit dyr,
flyg so lang'e leid;
no skal eg kveda um Sigurd unge,
det fyrste som ut han reid.

3. Skjolden skin i gylte hall;
han er kje komin til dans.
Sigurd unge, Sigmunds son,
nemner eg namne hans.

4. Sigurd stend paa hallargolv,
er i ordom greid'e;
„no lyster meg ride i Dvergeskog
dei ville dyr aa veide."

5. Hjalprek[1]) kongen mæler so,
legg han Sigurd i minne:
„Dvergemaal og dvergeglam
bur i berge inne."

6. Sigurd spring paa Granes bak,
held seg ikkje ved taum;
rider han so lettleg fram
som snekka renn i straum.

7. Sigurd rid den fyrste dag
til det lid mot kveld;
daa det bar mot myrke skog,
so langt av leid han held.

8. Sigurd rid etter skogen fram
den leidi lang og drjug,
daa saag han stande fyri seg
so stor ein mannemug'.

---

1) Hjalprek: fosterfår til Sigurd. Får til Sigurd, Sigmund, døydde i strid fyrr Sigurd var fødd, og Hjørdis, môr til Sigurd, gifte seg att med kong Hjalprek, som fostra Sigurd.

9. Sigurd sit paa Granes bak
baade med skjold og sverd:
„Eg skal ride meg lenger fram
og sjaa paa deira ferd.“

10. Sigurd reid seg lenger fram,
det var ei til dans;
daa saag han stande fyri seg
so stor ein dvergekrans.

11. Fram gjekk ein av dvergane,
det er frett so vide:
„Er du komin aa leike her,
hell er du komin aa stride?“

12. Sigurd sit paa Granes bak,
var ikkje glad i hug.
Han tordest ikkje atter svara,
so var han for dvergom bljug.

13. Fram gjekk ein av dvergane,
gram var han i hug.
Han rette upp si høgre hand
og Sigurd i andlite slog.

14. Sigurd rann det heite blod
baade av nasar og munn.
Ung var han og utamd,
han var kje i stridsleik kunnig.

15. So slo han Sigurd unge,
den ilske dvergemann,
at blode undan brynjo
ned ivi sålen rann.

16. Sigurd sverd av sliri drog,
det syng i gylte gjenge.
„Dette er det fyrste saar
som eg i strid hev fengi!“

17. Sigurd sverd av sliri drog,
bratt han det mun' braa.
So kløyvde han den arge dverg
sund i lutir tvo.

18. Hoggi tunge falla tett,
det syng i dvergebrynjo;
Sigurd saag korkje himil hell jord
inni den dvergedyngjo.

19. Fram stig ein av dvergane,
mæler han desse ord:
„Drep du fleire av denne hopen,
stupe du skal til jord.“

20. Hoggi tunge gjalda tett
ivi honom dei fljuga.
Korkje saag han himil hell jord;
sume dutto aa gruve.

21. Burt so kvorvo dvergane:
meir no aukast den vande,
daa han saag seg eismal etter
i kolmyrkre aa stande.

22. Sigurd rid seg til og fraa,
det frys ved sadelgjord;
rimfrost tett er fallin
ivi kalde dvergejord.

23. Sigurd rid seg til og fraa;
daa i godan time
saag han gjenom kolmyrkre
gull som dagen skine.

24. Det var dvergemøyi fagre
som fyri honom stod;
av gull var hennar akselband;
ho perlur etter seg drog.

25. Dvergemøyi til han kom,
so er sagt for sann:
ho kyste honom søtt paa munn,
som vin paa lippunn rann.

26. Til dvergemøyi so han talar,
han bar i hjarta sut:
„Eg ridin er for langt i skog,
eg finn ikkje atter ut.“

27. Til dvergemøyi so han talar,
tung av sorg og mein:
„Den bøni vil eg beda deg,
du syne meg vegen heim.“

28. „Eg gjekk meg ut fraa får si borg,
daa høyrde eg deg kalle.
Difor er eg komi her,
aa hjelpe deg heim til hallar.“

29. Ho fylgde han um Hindarfjell,
vilde 'kje vegen løyne.
Stride straumar og aair store
um Hindarfjell mun fløyme.

30. Ho fylgde han or djupe dalar,
ho heldt so trutt eit lag;
av no dreg den myrke skodda,
det lyser av klaare dag.

31. Daa saag han den borgi stande,
so segjer sogo ifraa:
Lauve veifta mot høge himil
med litir som gull aa sjaa.

32. „Her ser du den borgi stande
som all av gulle skin.
Han som raar for denne borgi,
det er fader min.

33. Får min kjem i borgi inn
med vonde ord og vreide;
ikkje maa du, Sigurd, daa
smile eller lægje.

34. Han veit det, Sigurd Sigmundsson,
at du er ikkje aa eggje;
han bed deg koma i smidjo aat seg,
store stengar aa sleggje.

35. Du segje du er so trøytt'e,
du segje du er so mod,
som nedaat du hadde trampa
den heite dvergeskog.

36. Høyr det, Sigurd Sigmundsson,
og gjev paa ordi agt:
kjem du inn i smidjo hans,
du braanar som blaute vaks."

37. Ho fylgde honom i halli inn,
all i gull ho skin;
utan bar ho det raude gull,
innan det kvite lin.

38 Det var Sigurd Sigmundsson,
sveiper han seg i skinn.
Bind ved døri hesten sin
og gjeng i halli inn.

39: Dvergen kjem i halli inn,
han talar til Sigurd so:
„Kven er denne store kjempa
som eg her skal sjaa?"

40. Lenge kjempa tagde seg;
liti var livsens von.
„Namne mitt det nemner eg
Sigurd Sigmundsson."

41. „Er du Sigurd Sigmundsson,
du er ikkje aa eggje.
Du skal koma i smidjo med meg
store stengar aa sleggje."

42. „Eg er so tung, eg er so trøytt,
eg er so mødd og mod,
som nedaat eg hadde trampa
den heite dvergeskog.

43. Du skal smide meg brynjo den
som sverd bit ikkje paa,
harde hjelm og runde skjold
som godt er aa lite paa."

44. Dagen lid og natti kjem;
han kvarast i dvergevelde.
Store stengar er aa smide
og herde i Hilmes eld.

45. Det aarle var um morgonen,
soli stender høgt.
Dvergen slo paa gylte laas;
upp sprang døri snøgt.

46. Dvergen inn i halli gjekk
med sylvbrynjo den kvite.
„Tak ved denne, Sigurd unge,
og sjaa um du kann ho slite."

47. Tok han so den brynjo god,
gav ho Sigurd i hand.
Dertil hjelm og blanke skjold
som sverd ei bite kann.

48. Sigurd fór i brynjo den
som dvergen hadde bori;
ho var baade vid og sid,
som aat honom skori.

49. Sigurd stend i sterke brynjo
med sverde sitt i hand:
„No yndeleg, rike fruve, du
meg hjelpe til Hjalpreks land!"

50. „Eg førde deg av dvergeskog;
det du minnast skal.
Kvi vil du no ifraa meg fara
heim til Hjalpreks hall?"

51. „So er det no i Budles[1]) land
at kjempur bera sorg:
burte er kjempa Faavnesbane,
kvorvin or kongens borg."

---

[1]) Budle: segnkonge (i Hunaland), får til Brynhild, som elska Sigurd. Budlung: konge, ætting av kong Budle. Budles land skulde soleis tyda: kongens land.

52. Ho fylgde honom den lange leid,
baud honom liva vel.
„Far no lett og lukkeleg;
far no heil og sæl!“

53. Det var Sigurd Sigmundsson,
heim til gards han fór.
Det var sjølve Hjalprek, kongen,
ute for honom stod.

54. Kongen var ikkje glad i hug,
ottast for Sigurd mein:
„Du hev gjevi deg troll i vald,
og trøytt so kjem'e du heim.“

55. Sigurd gjekk i halli inn,
hadde ikkje krafti mist;
han sette seg i høgsæte,
so heile borgi riste.

56. Helsa honom sæle moder hans,
ho ottsam for han stod:
„Du hev gjevi deg troll i vald,
trøytt so er du no.“

57. „Dvergen hev smidt meg harde hjelm
som sverd bit ikkje paa.
Brynjo sterk og blanke skjold,
som godt er aa lite paa.

58. Eg hev vori i dvergeskog
og barst med dvergeher.
Dvergemøyi hefte meg,
styrde so heim mi ferd.

59. Eg hev barst med dvergeher,
vori i naud og vande;
dvergemøyi løyste meg ut
og førde meg heim til lande.“

---

## Billege bøker.

### Spelstykke aat ungdomslagi.

| | | |
|---|---|---|
| *Anders Vassbotn:* | Lyng. Dikt | kr. 0.50 |
| —„— | Meinhøve. Spelstykke | - 0.50 |
| —„— | Brodd. Dikt | - 0.50 |
| —„— | Brum og bar. Dikt | - 0.50 |
| *Lars Jaastad:* | Til Fjells. Dikt | - 0.50 |
| *Ein islending:* | Sogor fraa Island | - 1.00 |
| *Ung Noreg.* | Stykke av 10 norske bokmenner. Nedsett pris | - 1.00 |
| *Jens Hystad:* | Den kjærleiken. Spelstykke | - 0.70 |
| *Fanten og kjerringi.* | Spelstykke | - 0.35 |
| *Erp:* | Nordan-um folkeskikken. Spelstykke | - 0.50 |
| *A. Bergo:* | Heimen i song. Dikt | - 0.70 |
| *T. Skjeidsvoll:* | Stykkje or bibelsogo pao Vossa-maol | - 0.35 |
| *Anders Hovden:* | Heim og hamn. Preikor | - 1.00 |

I „*Unglyden*"s ***bokhandel,*** Voss.

---

## Givarkaup!

Desse bøkerne er no aa faa til nedsett pris:

| | | Vanleg pris. | Nedsett pris. |
|---|---|---|---|
| *Hans Seland:* | Andror | kr. 1.60 | kr. 0.80 |
| —„— | Søren Lande | - 1.25 | - 0.60 |
| —„— | I straumen | - 1.50 | - 0.50 |
| *Vetle Vislie:* | A. O. Vinje | - 4.00 | - 2.15 |
| *Per Sivle:* | Sogor | - 1.50 | - 0.80 |
| *Ivar Mortensson:* | Arne Garborg | - 1.50 | - 0.75 |
| —„— | Or duldo | - 2.00 | - 0.75 |
| —„— | Svall | - 3.00 | - 1.25 |

Skriv til ***Norskt maalkontor,*** Oslo.

---

## Stort avslag.

Gjeld berre til den 31lande desember 1903.

**12** bøker av *Rasmus Løland:*

Folkeliv. — Blodstyng og andre sogor. — Nervesliten. — Emne. — Hans og Margreta. Ny utg. 1898. — Paa sjølvstyr. Ny utg. 1899. — Kvar vart det av jola? Ny utg. 1900. — Ungar. Ny utg. 1897. — Smaagutar. — Det store nashornet. 1900. — Hug-tekne. — Jordvend.

For **4 kr.**, attaat postpengar, 50 øyre, naar ein tek alle under eitt. Bokbudprisen er **16 kr.!**

Skriv til ***Norskt maalkontor,*** Oslo

---

## I „Den 17de Mai" kann ein faa:

| | |
|---|---|
| ***Norsk huspostil*** (til dei gamle tekstrekkjorne), samla av *Halvdan Møller* | innb. kr. 2.00 |
| ***Ivar Aasen,*** ei skildring av *Ivar Mortensson* | - 0.25 |
| ***Med skreppa*** av *Rasmus Steinsvik* | - 1.00 |
| ***Hjorteskyttar*** av *Cooper* | - 1.00 |

Den som kjøper ein heil slump og sender pengarne med det same fær $33^1/_3$ % avslag.

# Norske fol




1. **Krægda** *(morbilli).* A
2. **Ivar Aasen.** Av *Arne Garborg* . . . 20 —
3. **Arbeidskaar og livskaar for bondeungdomen.** Av *Eugène Hanssen* . . . . 20 —
4. **Gamalnorske eventyr um Oden og Tor.** Av *Halvdan Koht* . . . . . . . . 30 —
5. **Naar det vert lite høy.** Av *Tore Gjære* 10 —
6. **Sophus Bugge og mytegranskingarne hans.** Av *Moltke Moe* . . . . . . 20 —
7. **Mjølk og smør.** Av *N. Ødegaard* . . 15 —
8. **Norske folkevisor I.** Med ei utgreiding um vise-dansen av *Hulda Garborg* . . 25 —

---

„***Naar det vert lite høy***". Av *Tore Gjære.*
Mykje god lesnad for 10 øyre. Eg las det vesle hefte med hugnad, for det er friskt og greidt; og so skynar eg det. Alt ihop, jamvel utrekningarne. Det er nok ikkje alle agronombøker eg hev freista aa lesa, ..... eg kann segja det um.

Arne Garborg i „Den 17de Mai".

---

Norigs ungdomslag og Student-maallaget vil freista med aa gjeva ut ei rad med slike smaaskrifter paa norsk som godtfolk kann hava baade gagn og hugnad av aa lesa. Skrifterne skal kosta so lite so kvar mann kann raada med aa kaupa deim, og dei skal vera so greidt og folkeleg skrivne so kvar mann med ein grand umtanke kann lesa deim og læra av deim. Det skal kvart aar koma skrifter um emne fraa aandsvitskap og naturvitskap, fraa norskt folkeliv og næringsliv; sume skal gjeva rettleiding i dagsens gjerning, sume skal hjelpa til aandeleg vokster, og alle er dei tenkt til framgang for det norske folket.

Folkeskrift-nemndi:

*N. Gjelsvik*
dr. jur.

*Nikolai Lundegaard*
stud. jur.

*Halvdan Koht*
cand. mag.

*Idar Handagard*
stud. med.
f. t. formann.

Johansen & Nielsens prenteverk.

...yre Nr.

# Norske Folkeskrifter

# Norske folkevisor

I.

Med ei utgreiding um vise-dansen

av

Hulda Garborg

Oslo 1903

Norigs ungdomslag og Student-maallaget